



§37 - Informasjon til føresette

Individuell tilrettelegging av barnehagertilbodet for barn med nedsett funksjonsevne

Informasjon til føresette



SVEIO KOMMUNE



Tilrettelegging av barnehagertilbodet

Gjennom nasjonale lovar og internasjonale konvensjonar er barn med nedsett funksjonsevne sikra rett til å kunna delta i samfunnet på lik linje med funksjonsfriske (*Diskriminerings – og likestillingslova, Barnehagelova og FNs konvensjon om rettar til personar med nedsett funksjonsevne*)

Nedsett funksjonsevne

Barn med nedsett funksjonsevne er ei samansett gruppe. Dette kan vera barn som har skade eller avvik i kognitive, psykologiske eller fysiologiske funksjonar. Barnet kan ha tapt eller fått skade på ein kroppsdel eller i ein av funksjonane til kroppen. Barn med nedsett funksjonsevne skal ha mogelegheit til å delta i barnehage til likskap med andre barn.

Barnehageeigar si plikt

Barnehagelova §2, tredje ledd, stiller krav til at barnehagen skal tilpassa tilboden blant anna ut frå det einskilde barnet sin alder og funksjonsnivå. Dette tyder at barnehageeigar har ansvar for å sjå til at også barn med nedsett funksjonsevne får eit individuelt barnehagertilbod i tråd med lova.

Barnehageeigar sitt ansvar er likevel avgrensa til kva barnehagen kan gjera innanfor dei ordinære rammene.

Kommunen si plikt

I Barnehagelova §37 vert kommunen si plikt til å tilrettelegge barnehagertilboden for barn med nedsett funksjonsevne fastsett:

§ 37 Barn med nedsatt funksjonsevne

Kommunen skal sikre at barn med nedsatt funksjonsevne får et egnet individuelt tilrettelagt barnehagetilbud. Plikten til tilrettelegging omfatter ikke tiltak som innebærer en uforholdsmessig byrde for kommunen.

Målsettinga med tilrettelegging etter §37 er ikkje ei endring eller utvikling hjå barnet, men å byggje ned dei barrierane som gjer at barnet ikkje kan nyttiggjera seg av barnehagertilboden på lik linje med andre barn. Tilretteleggingsplikta gjeld barn med nedsett funksjonsevne som er busett i kommunen og som har barnehageplass. Dette inneber at kommunen ikkje må finansiera tilrettelegging som den einskilde barnehage er pålagd som følgje av krav i barnehagelova eller anna regelverk.

Barn kan i unntakstilfelle få tilbod om plass i ein anna barnehage enn den føresette føretrekk, dersom individuell tilrettelegging ved den føretrekte barnehagen er til uforholdsmessig byrde for kommunen.

Kommunen har ei plikt til å fanga opp dei barna som kan ha rett på tilrettelegging.

Helsestasjonstenesta, tilsette i barnehage og føresette vil kunna hjelpe kommunen med å formidla behov gjennom ei melding til kommunen.

Kommunen fattar vedtak om tilrettelegging av barnehagertilboden. Avgjerda er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og foreldra har klagerett på vedtaket. Klageinstans er Statsforvaltaren, jf. ny § 9b.

For å meld til Sveio kommune om behov for tilrettelagt barnehagertilbod, sjå skjema og informasjon på kommunen si heimeside [her](#).